



DEN NORSKE KYRKJA
Prosten i Sunnfjord

Kultur- og kyrkjedepartementet Kyrkjeavdelinga
030 Postboks 8030

Vår ref.: 131 - 2006

Deres ref.:

Datert: 30.11.06

Høyringsfråsegn Stat og kyrkje

Vedlagt følger høyringsfråsegn frå prosten i Sunnfjord

Med venleg helsing

Reidar A. Knapstad
Prost i Sunnfjord

Nokre hovudsynspunkt

1. Innleiing

Det offentlege utvalet har gjeve ei omfattande og inngåande utgreiing om religionspolitikk og om moglege modellar for tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja i framtida. Framleis er det trong for nærare utgreiingar om korleis Den norske kyrkja kan organiserast og finansierast med endra relasjon til staten.

Dei viktigastes spørsmåla i denne omgang vert fanga opp i spørjeskjema, men det kjennest ikkje like lett å svare på fleire av dei, sidan grunnlaget er lite avklart eller det kan finnast andre svaralternativ.

Fleirtalet i Gjønnestutvalet skal ha honnør for to ting:

- Dei har makta å presentere eit samlande framlegg for religionspolitikk og framlegg til modell for relasjon mellom Staten og Den norske kyrkja.
- Dei har lagt vekt på å føre vidare at medlemmane i kyrkja skal oppleve at kyrkja framleis skal vere ei levande folkekyrkje, som har lokal forankring i heile landet.

Det er på tide at Staten utgreiar kva slag religionspolitikk som bør gjelde i samfunnet vårt. Det er å håpe at høyringane og den politiske handsaminga kan føre fram til ei samlande løysing til beste for staten, folket, kyrkja og dei andre livssynssamfunna og religionane. Eg kan vanskeleg sjå at dette er ei sak for folkerøysting. I Eit demokrati er det grunnleggjande å sikre minoritetane sine interesser og kjensler.

2. Kva for overordna prinsipp bør ligge til grunn for trus- og livssynspolitikken?

- Jamstelling mellom trus- og livssynssamfunna. Det er særleg vanskeleg å forsvare at det framleis skal vere slik at havparten av medlemmane i Regjeringa må tilhøyre Den norske kyrkja.
- Sjølvråderett når det gjeld spørsmål om leiarskap, også for Den norske kyrkje som trussamfunn.
- Framleis ein aktiv støttande religionspolitikk for alle trus- og livssynsamfunn.

3. Den norske kyrkje som statskyrkje.

I den noverande forma for statskyrkje er statsforvaltinga og Den norske kyrkja samanknytt på ein måte som gjer det vanskeleg å seie når staten handlar som statsmakt for heile folket og når staten handlar som kyrkjestyre. Sjølv om kyrkja har fått reformer som styrker kyrkja som trussamfunn, er kyrkja ein del av statsforvaltinga, utan eige rettssubjekt, slik sokna er det lokalt.

For å sikre kontinuiteten med Den norske kyrkje som folkekyrkje, bør kyrkja forankrast i ei særlov, som sikrar rammevilkåra for at kyrkja framleis kan vere ei levande folkekyrkje i bygd og by.

På denne måten vert statskyrkja avvikla, men folkekyrkja kan vidareførast med ein endra relasjon til staten, med ei fast tilknytning mellom statsmakta og den nasjonale kyrkja, som har lang og god tradisjon i det norske samfunnet.

4. Korleis bør den norske kyrkja finansierast?

Det er ein lang tradisjon for at fellesskapet tek ansvar for kyrkjebygg og lønn for kyrkjelege tilsette. Staten bør framleis sørge for at kyrkja og dei andre trus- og livssynssamfunna får tilført tilstrekkeleg midlar. Dette kan gjerast på fleire måtar. Spørsmålet om livssynsavgift bør vurderast på nytt. Men framleis kan det offentlege, ved stat og kommune, formidle dei nødvendige midlane til Den norske kyrkja og til dei andre trus- og livssynssamfunna, etter same mønster som er innført dei siste ti-åra. Fordelinga kan gjerne vere slik at staten har det samla ansvaret for drifta av den kyrkjelege verksemda nasjonalt, regionalt og lokalt og at kommunen syter for økonomi for kyrkjer og kyrkjegardar.

Det er viktig for at kyrkja framleis skal kunne vere ei levande folkekyrkje, at det vert tilstrekkeleg midlar til den kyrkjelydsbyggjande og identitetsbyggjande verksemda med gudstenester, trusopplæring og omsorgsfellesskap lokalt.

Det kan også tenkjast at noko av utgiftene til den kyrkjelege verksemda kan tilførast med ei mindre medlemsavgift. Men dette bør testast ut, for å kunne vurdere om ei slik delfinansiering hindrar eller hemmar medlemmane si oppleving av å høyre til i kyrkja.

5. Korleis bør valordningane og demokratiet vere dersom statskyrkja vert avvikla?

Demokratiet i kyrkja bør utviklast vidare, med tiltak som kan utløyse større deltaking og engasjement.

Det bør vurderast å bruke direkte val til regionale og nasjonale styringsorgan, i tillegg til den indirekte valordninga, som sikrar samanheng i forvaltinga mellom organa.

Kyrkjeordninga bør sikre ein høveleg balanse mellom synodal, episkopal og kongregasjonalistisk struktur.

Kyrkja bør framleis legge stor vekt på soknestrukturen og på samverke mellom råd og embete, slik at prestenesta er representert på alle ledd, også med røysterett i rådsorgana.

6. Staten sitt verdigrunnlag ved ei avvikling av statskyrkja.

Prosten støttar framlegget om at grunnlova får ein eigen verdiparagraf, som viser at staten byggjer på demokrati, menneskerettane og på det kristne og humanistiske grunnlaget.

7. Kven bør ha ansvaret for gravferdsforvaltinga?

Prosten støttar at forvaltinga av gravferdsordninga ligg hos kyrkjeleg fellelråd, som ei normalordning. Men det kan også vere fleire grunnar til at gravferdsordninga bør forvaltast av det offentlege.

8. Kven bør eige og forvalte kyrkjebygga?

Prosten går inn for framleis lokalt kyrkjeleg eigarskap av kyrkjebygga, med særskilde tilskotsordningar til kommunane for freda og verna kyrkjer.

Kyrkjebygga er viktige samlingsmerke for lokalsamfunna, og bør derfor forvaltast lokalt av kommunen. Det er likevel utenkjeleg at kommunen skal eige kyrkjebygga, som alltid har høyrte soknet til. Dette spørsmålet har heller ikkje vore drøfta i den offentlege utgreiinga.

Førde, 29.11.06



Reidar Knapstad

prost

Staten og Den norske kirke – Spørsmål til høringsinstansene

Navn på høringsinstans:

Prosten i Sunnfjord

Type høringsinstans

- ☐ Kommune
- ☐ Menighetsråd/kirkelig fellesråd/bispedømmeråd
- ☒ Prost/biskop
- ☐ Tros- eller livssynssamfunn utenfor Den norske kirke
- ☐ Frivillig organisasjon innenfor Den norske kirke
- ☐ Annen offentlig instans
- ☐ Annen privat instans

1. Hvilke overordnede prinsipper bør ligge til grunn for tros- og livssynspolitikken?

Svar:

2. Den norske kirke som statskirke:

- ☐ Bør fortsette
- ☒ Bør avvikles
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

3. I hvilken lov bør Den norske kirke være forankret?

- ☐ Grunnloven
- ☒ Egen kirkelov vedtatt av Stortinget
- ☐ Lov om trossamfunn
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

4. Hvordan bør Den norske kirke finansieres?

- ☐ Gjennom medlemsavgift
- ☐ Medlemsavgift med noe støtte fra det offentlige
- ☒ Støtte fra det offentlige og med noe medlemsavgift
- ☐ Offentlig finansiering uten medlemsavgift
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

5. Hvordan bør valgordningene og demokratiet være dersom statskirkeordningen avvikles?

- ☐ Valgordningene bør være som i dag
- ☒ Øke bruken av direkte valg til kirkens besluttende organer
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelle andre ordninger:

6. Dersom statskirkeordningen avvikles, hva bør i så fall stå i § 2 (eller i en annen paragraf) i Grunnloven i tillegg til prinsippet om religionsfrihet?

(Her kan du/dere sette kryss på ett eller flere alternativer)

- ☐ Ingen tillegg
- ☒ De politiske prinsipper som statsforfatningen bygger på; så som demokrati, rettstaten og menneskerettighetene
- ☒ Det kristne og humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ Det humanistiske verdigrunnlaget
- ☐ At Den norske kirke er en evangelisk-luthersk kirke
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

Eventuelt annet:

7. Hvem bør ha ansvaret for gravferdsforvaltningen?

- ☒ Den lokale kirke (menighetsråd eller kirkelig fellesråd)
- ☐ Kommunen
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare

8. Hvem bør eie og forvalte kirkebyggene?

- ☐ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☒ Den lokale kirke bør eie kirkebyggene, og kommunen bør ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Kommunen bør eie kirkebyggene og ha det økonomiske ansvaret
- ☐ Vet ikke / ønsker ikke å svare